

Folkeaksjon ETT sjukehus for Nordmøre og Romsdal v/Mellvin Steinsvoll

Vår ref.: 2013/358 -0- 11948/2014
ERE

Dykkar ref.: MST

Dato: 04.06.2014

Framdrift i sjukehussaken

Viser til brev til styret i Helse Møre og Romsdal HF 15. april og 22. mai, og eige brev til styreleiar i Helse Møre og Romsdal HF Stein Kinserdal 30. april d.å. Gjennom dette brevet svarar Helse Møre og Romsdal HF på alle tre kontaktane.

Som De påpeikar i breva så nærmar arbeidet med utviklingsplanen og tidlegfasen for Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal SNR seg eit svært viktig avgjerdspunkt. I desember i år skal Helse Møre og Romsdal HF instille på val av tomt og foreslå fagleg innhald i Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal, som skal erstatte lokalsjukehusa i Molde og Kristiansund.

Gjennom prosjektmandat gitt i styresak 2013/10 og 2014/31 så har styret i Helse Møre og Romsdal handsama innretning og innhald i prosessen fram mot både lokalisering av Sjukehuset i Nordmøre og Romsdal, korleis det faglege og funksjonsmessige innhaldet skal fastleggast og kva som i ulike rapportar/utgreiingar skal underbygge avgjerdene.

Det er lagt opp til ein omfattande prosess i løpet av sommaren og hausten med offentleg høyring av både lokale konsekvensutgreiingar (KU) for dei tre potensielle vertskommunane, regional KU tematikk og idéfasehøyring i regi av HMR HF. Det vil i denne samanheng vere høve til å kommentere på alle dei spørsmåla som vert stilt. I tillegg er den økonomiske situasjonen i helseføretaket tema på kvart styremøte, og det vert vist til statusrapporteringar og andre saker som omhandlar den økonomiske situasjonen der.

Vil ønskje Folkeaksjon ETT sjukehus for Nordmøre og Romsdal velkomen til å ta del i høyringsprosessane framover!

Helsing

Astrid J. Eidsvik
Adm.direktor

Espen Remme
Strategi og utviklingssjef